

Årsmelding 2024 – Hyllestad Grendalag

2024 markerte det siste året for prosjekt Liv og Lyst Hyllestad. Det har vore flott prosjekt som har utløyst mykje aktivitetar i Hyllestad og vi håpar at våre innbyggjarar har opplevd dette som eit positivt prosjekt desse tre åra. Det har vore uttalige kafear og arrangement og prosjektleiar Marie har gjort ein framifrå jobb for å skape møteplassar og kreative arrangement i samarbeid med fleire initiativtakarar. Ein stor takk til Marie for vel gjennomført Liv og Lyst prosjekt!

I løpet av hausten vart grindbygget ved skulen flytta ned til Myklebustneset, og vi tek sikte på å sette dette godt i stand i løpet av våren 2025. Myklebustneset er i stadig utvikling og har vore eit satsingsområde for oss som del av Liv og Lyst prosjektet. Målet er å få auka bruken nettopp til slike arrangement av typen Sjømatdag som vi har samarbeid med i regi av Hyllestad Jakt og Fiskelag, samt Barnas Turlag. Samarbeid mellom dei frivillige organisasjonane er vi svært positive til!

Eit av prosjekta vi har arbeidd med har vore å skape meir aktivitet i Prestegarden, for å sikre at bygget vert tilgjengeleg for publikum. Her sette vi oss eit mål om å drifte huset ut 2024 og samtidig lage grunnlag for vidare drift i regi av andre. Det er derfor veldig kjekt å meddele at det no er oppretta eit eige husstyre bestående av dagens leigetakarar, og at Fjordkysten Regional- og Geopark, saman med Fjordavind og Hyllestad Sogelag er sentral i dette arbeidet. Hyllestad Grendalag avslutta som planlagd leigeforholdet og driftsansvaret ved overgangen til 2025, men er fortsatt administrativt ansvarleg for eit prosjekt som støttar opp under å skape meir aktivitet i huset. Dette prosjektet vert leia og utført av Fjordkysten Regional- og Geopark med samarbeidspartar.

Informasjon til deg

Vi ynskjer å vere sikre på at vi når deg med viktig informasjon om aktuelle aktivitetar og arrangement! Vi nyttar som regel vår facebookside Hyllestad Grendalag, eller plakater på dei nye Infoskjermene som Frivilligsentralen har fått plassert ut på butikkane, kommunehuset og skulen. I tillegg kan du melde deg på eit nyheitsbrev der vi med ujamne mellomrom sender ut litt info 😊

Registrer deg her: www.hyllestadgrendalag.no eller send ein epost til asbjorn.loland@gmail.com og meld di interesse for nyheitsbrevet!

Vårt mål er som alltid å bidra til eit trygt og godt fritids- og bumiljø!

Hyllestad, 20.03.2025



Asbjørn D. Løland
Styreleiar, Hyllestad Grendalag

Styret 2025

I år vert det litt endring i styret i grendalaget. Marie tek seg ein velfortent fri frå styrearbeid og Endre ynskjer også i utgangspunktet å avløysast. Då sit vi att med Asbjørn som fortset som leiar.

Grendalaget treng dermed litt påfyll, og det er rom for 3 – 5 medlemmar totalt. Vi treng derfor fleire styremedlemmer som ynskje å bidra med engasjement og gode idear. I tida fram til årsmøte loddar vi interessa, og oppfordrar deg til å ta kontakt med oss dersom du ynskjer å bli med.